



STRATEGISK PLAN 2025— 2030



Vedteken i styret 10.12.24

INNHOLD

OM KRAFTMUSEET	side 3
VISJON, KJERNEVERDIAR, HOVUDMÅL	side 4
OFFENTLEGE FØRINGAR	side 6
SUKSESSFAKTORAR	side 9
STRATEGIAR	side 10
SAMANDRAG AV PLANEN	side 15

Foto, framside:

Besøk i kraftstasjonen, Utval for Kultur og Levekår, november 2024. Foto: Kraftmuseet
Anleggsarbeid for Tysso I kraftstasjon 1. byggjetrinn ca. 1905. Foto: Kraftmuseet

OM KRAFTMUSEET

Kraftmuseet – Norsk vasskraft- og industristadmuseum, er ei stifting med eigne vedtekter og styre. Museet har hovudkontor i Naustbakken 7 i Tyssedal, og har arenaer og publikumstilbod både i Tyssedal og Odda.

Museet vart stifta 9. desember 1988 som Odda Industristadmuseum. Stiftinga vart utvida i 2000, og skifta namn til Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum.

Etter museumsreforma, fekk museet i 2003 status som konsolidert museum, og eit tematisk ansvarsmuseum. I 2018 bytte museet namn til Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum. **Gjennom å vera ein del av NVE si museumsordning, har Kraftmuseet konkrete oppgåver på nasjonalt plan.**

Museet sin føremålsparagraf (§ 2 i vedtekten):

Museet skal samla inn og dokumentera, sikra, driva forsking og formidla historie knytt til elvar og vatn, vasskraftproduksjon, elektrisitet, kraftkrevjande industri og industristaden.

Det er eit overordna mål å syna mennesket i høve til heim, arbeidsplass, samfunn og natur. Museet skal vekkja interesse for og samla materiale om vasskraftproduksjon og kraftkrevjande industri sine verknader på samfunnet: Teknisk, økonomisk, sosialt, politisk, kulturelt og miljømessig, gjennom formidling og undervisning, mellom anna knytt til museumsanlegget i Folgefonna.

Museet har som mål å bli eit nasjonalt senter for kunnskap og rådgjeving om norsk vasskrafthistorie, og historie knytt til kraftkrevjande industri og samfunnet ikring. Museet har også som mål å bevara, forvalta og formidla kunnskap om det nasjonale kulturminnet Tyssedal Kraftanlegg (Tysso I).

Museet skal stilla samlingane sine til disposisjon for andre kulturinstitusjonar og for vitskapelege føremål generelt under føresetnad av tilfredsstillande sikring. Etter fagleg vurdering kan museet stilla samlingane til disposisjon for andre når tryggleiken er tatt i vare.

Museet kan ta i mot materiale til samlingane som gav eller depositum og forvalta samlingane i tråd med avtalar og klausular.

Kraftmuseet er delt i fire avdelingar: Bygg og anlegg. Formidling. Samling.

Administrasjon. I 2023 utførte museet 16,57 årsverk.

Museet sine hovedtema

Føremålsparagrafen til museet (over) peikar ut kva som er Kraftmuseet sitt arbeidsfelt:

- **Historie knytt til elvar og vatn, vasskraftproduksjon, elektrisitet, kraftkrevjande industri og industristaden**
- **Mennesket i høve til heim, arbeidsplass, samfunn og natur**
- **Vasskraftproduksjon og kraftkrevjande industri sine verknader på samfunnet: Teknisk, økonomisk, sosialt, politisk, kulturelt og miljømessig**

Gjennom si rolle i NVE si museumsordning har Kraftmuseet eit nasjonalt ansvar for:
«historien innenfor energi- og vassdragssektoren med hovedvekt på vannkraft, kraftoverføring, flom, konsekvenser av inngrep, samt miljøtiltak og vern av vassdrag.» (OED Prop. 1 S (2017 – 2018)

VISJON, KJERNEVERDIAR OG HOVUDMÅL


Visjon

Lange linjer – stor spenning

Bakgrunn: Kraftmuseet jobbar med dei lange **historiske linjene**, men òg med historia og funksjonen til dei konkrete **kraftlinjene** – som er ei fysisk kopling mellom kraftproduksjonen og industrien, og mellom kraftproduksjonen og industristaden/heimane. Kraftlinjene har **spenning** i volt, og heile tematikken til museet er full av spenning og **spenningar**: Den store forteljinga om dei raske skifta frå bondesamfunn til turistidyll, og vidare til industristad. Kampane, sigrane, nederlaga. Lidenskapen, latteren, gråten. Ikkje minst **spenningane** i store dilemma, som: skal vi verna naturen, eller skal vi byggja ut?

Kjerneverdiar

Fire grunnleggande kjerneverdiar skal gjennomsyra verksemda:



Hovudmål

I hovudmålet tek vi ut essensen av føremålsparagrafen, og legg inn element frå dei forventingane som blir sett til konsoliderte museum både frå styresmaktene og frå samfunnet rundt oss:

Kraftmuseet skal vera eit sterkt museumsfagleg miljø som med engasjement og kvalitet forvaltar og formidlar kulturminne og historie. Museet skal vera relevant i samtida, og eit leiande museum nasjonalt innan våre hovudtema.

OFFENTLEGE FØRINGAR

Det finst ei rekkje dokument i form av meldingar, rapportar, tildelingsbrev m.v., der dei ulike forvaltningsnivåa kjem med styringssignal eller melder forventingar til musea. I kva grad desse skal brukast som rettesnor, må vurderast opp mot armlengds avstand-prinsippet. Kulturen si uavhengigheit skal også gjelda musea.

Den høgste og uomtvistede premissen for museumsdrifta, er den internasjonale museumsorganisasjonen ICOM sin museumsdefinisjon (2007):

«Eit museum er ein permanent institusjon, ikkje basert på profitt, som skal tena samfunnet og utviklinga av samfunnet og vera ope for publikum; som samlar inn, bevarer/konserverer, forskar i, formidlar og stiller ut materielle og immaterielle vitnesbyrd om menneska og deira omgjevnader med studie-, utdannings- og underhaldningssiktemål.»

Vidare følgjer moment frå eit utval relevante offentlege dokument:

Stortingsmelding nr. 49 (2008-2009) «Framtidas museum: Forvaltning, forsking, formidling, fornying»

«Forvalting: Musea sine samlingar skal sikrast og takast best mogeleg vare på for etertida og gjerast tilgjengelege for publikum og for forsking. Viktige delmål vil vera gode tilhøve for sikring og bevaring, og fokus på prioritering og koordinering av samlingane.

Forsking: Forsking og kunnskapsutvikling ved musea er eit naudsynt fagleg grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling. Eit delmål vil vera auka forskingssamarbeid, både i museumsnettverket og mellom musea og forskingsmiljø i kunnskapssektoren.

Formidling: Musea skal nå publikum med kunnskap og opplevingar og vera tilgjengelege for alle. Det føreset målretta tilrettelegging for ulike grupper og aktuell formidling som fremjar kritisk refleksjon og skapande innsikt.

Fornyng: Gjennom fagleg utvikling, nytenking og profesjonalisering skal musea vera oppdaterte og aktuelle i alle delar av verksemda, vera solide institusjonar og spela ei aktiv samfunnsrolle. Eit delmål vil vera å utvikla digital forvaltning og formidling.»

[Stortingsmelding nr. 24 \(2008-2009\) «Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv»](#)

«Visjonen for regjeringens IKT-politikk på kulturfeltet er å gjøre mest mulig av samlingene i våre arkiv, bibliotek og museer tilgjengelige for flest mulig ved fremtidsrettet bruk av IKT-teknologiske løsninger. Samlingene skal være søkbare og tilgjengelige på tvers av hele abm-feltet, og innholdet skal formidles på en brukerorientert måte.»

[Stortingsmelding nr. 10 \(2011-2012\) «Kultur, inkludering og deltaking»](#)

«Ein inkluderande kultursektor er ein sektor der alle har like mogelegheiter til deltaking og til å utvikle sine skapande ressursar, uavhengig av faktorar som sosioøkonomisk-, kulturell- eller religiøs bakgrunn eller funksjonsevne.»

[Stortingsmelding nr. 8 \(2018-2019\) «Kulturen kraft. Kulturpolitikk for framtida»](#)

Meldinga er lite konkret på museumsfeltet, men har mellom anna eiga museumsmelding som tiltak:

«Kulturmeldinga vil bli etterfølgd av eigne stortingsmeldingar og strategidokument som skal konkretisere behov og tiltak på delområde av kulturpolitikken. Regjeringa vil leggje fram kunstnarmelding (KUD), barne- og ungdomskulturmeldinga (KUD/KD), museumsmelding (KUD), språkmelding (KUD), nasjonal bibliotekstrategi (KUD) og strategi for kultur og reiseliv (KUD/NFD). Konkrete behov og tiltak som følgje av kulturmeldinga vil òg bli følgde opp i dei årlege budsjettproposisjonane til Stortinget. Regjeringa vil i 2020 også leggje fram ei stortingsmelding om kulturminnepolitikken (KLD).»

[Stortingsmelding nr. 23 \(2020–2021\) «Musea i samfunnet — Tillit, ting og tid»](#)

Denne meldinga går direkte på musea og samfunnsoppdraget. Med denne meldinga skiftar fokuset frå **forvalting, forsking, formidling og fornying** til dei fem nye faktorane som musea skal målast på:

* **Solid kunnskapsproduksjon**

* **Relevant formidling**

* **Heilskapleg samlingsutvikling**

* **Trygg ivaretaking**

* **Aktiv samhandling.**

Vestland fylkeskommune: Kultur bygger samfunn. Regional plan for kultur (2023 – 2035)

«Ei god forvaltning av kultur- og naturarven. Lokal forvalting er grunnstamma i det norske kulturminnevernet. Klimaendringar og befolkningsvekst gir vesentlege endringar i lokalsamfunna i Vestland. Kulturminnevern og museumsarbeid kan fungere som ein raud tråd i endringsprosessane, sette utviklinga i perspektiv eller fylle rolla som tradisjonsberar.

Verdiskaping som tek utgangspunkt i kultur- og naturmiljø, har eit stort potensial, ikkje minst gjennom ei tettare kopling til berekraftig reiseliv og opplevelingsturisme. Allemannsretten er eit gratis fellesgode og ein del av den norske kulturarven, men er berre berekraftig om ein held seg til allemannspliktane og sporlaus ferdsel.»


Ullensvang kommune: Temaplan for kultur (2023 – 2025)

Ullensvang kommune er ei unik og mangfaldig skattekiste av verdfull kulturarv og tradisjonar. Kulturarven er ein viktig del av vårt felles medvit. Å ta godt vare på den, er essensielt for å hugse kven vi er, kven vi har vore og kor vi skal. Ullensvang er særskilt rik på kulturminne over eit breitt spekter frå jarnalder, via middelalder til den industrielle revolusjonen. Frå tekniske installasjonar til immaterielle kulturverdiar som bunad og hardingfele. Arbeid med kulturarven og vidareføring av kunnskap og tradisjonar, vil vera oppgåver som må delast på både private, frivillige organisasjonar, museum og det offentlege på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt nivå. I Ullensvang sin kommuneplan, samfunnsdel, er det understreka at kulturminneforvaltninga må skje i nært samarbeid med musea, som har kompetanse og personale. Kommunen si rolle er då ikkje minst som samarbeidspart og bidragsytar i drifta av institusjonane.»



SUKSESSFAKTORAR

Kraftmuseet har identifisert tre suksessfaktorar:



Og tre organisatoriske føresetnader:

- **Byggja kompetansen i museet**
- **Kvar dag laga ein knallkjekk arbeidsplass**
- **Retta oss i ryggen, brusa med fjøra!**


STRATEGIAR

Strategiane for planperioden er samla i fem punkt, kvar av dei med fire tilhøyrande hovudgrep/handlingar. Ytterlegare og meir detaljerte tiltak finst i museet sine delplanar: Samlingsplan, forskingsplan, sikringsplan, formidlingsplan og marknadsplan. Alle delplanar skal oppdaterast slik at dei følgjer opp den strategiske planen.

Strategi 1:

Kraftmuseet skal ta ei tydeleg samfunnsrolle

- Setja klima og miljø på dagsordenen
- Vera aktiv part i regionalt reise- og kulturliv, og samarbeida med frivillig sektor
- Ha tett samarbeid med lokale bedrifter og kommune, og ha gode lokale arrangement
- Styrka rolla som kompetansesenter innan våre tema
- Vera ein premissleverandør for positiv lokalsamfunnsutvikling



Frå utstillinga «Kampen om Alta». Morten M. Kristiansen, illustrasjon i magasinet Norsk natur under Alta-konflikten. NVE sitt arkiv

Strategi 2:

Kraftmuseet skal utvikla gode publikumsarenaer

- Fortetta og betra publikumstilbodet i Tyssedal
- KraftLaben skal vera den kjekkaste møteplassen for born i Odda
- Laga eit nytt, realistisk driftsopplegg for arbeidarburstadene i museet
- Knud Knudsen-arbeidet skal skapa nasjonal merksemrd kring Knudsen sitt virke
- Arbeida fram ei ny basisutstilling i Naustbakken 7



Kraftmuseet sin forretningsadresse og administrasjonsbygg er Naustbakken 7, og hovudarena for formidlinga vår er i Tyssedal. Foto: Kraftmuseet

Strategi 3:

Kraftmuseet skal nå flest mogeleg med formidlinga

- Ha gode opningstider, og halda jamt fokus på utvikling i besøkstala
- Ha eit aktivt samarbeid med barnehagane, skulane og kulturlivet
- Synleggjere tilboda våre for næringslivet
- Ha eit sosialt fokus, og invitera inn publikum til medverknad
- Ha fleire skiftande utstillingar, som gjev folk grunn til å koma igjen

Beautiful views!
Lilletopps! - Simon

I Freaking Love Norway!

Frå gjesteboka på Lilletopp

Strategi 4:

Kraftmuseet sine kulturminne skal ha profesjonell forvalting

- Utvikla og styrka Industriarkivet, og gjera arkivet betre kjent
- Ha høg standard på vedlikehald av bygg, med vern gjennom bruk
- Ha tilfredsstillande fasilitetar for gjenstandar og foto, og sikra alle museumsobjekt fysisk og digitalt
- Prioritera i samlingane, og gjera dei meir tilgjengelege, fysisk og digitalt



Frå restaureringa av Tyssedal kraftverk. Foto: Kraftmuseet

Strategi 5:

Kraftmuseet skal驱iva kunnskapsutvikling på nasjonalt nivå

- Vera ein sterk og synleg part i NVE si museumsordning
- Utvikla ekspertisen innan museet sine hovedtema, og vera i front på dokumentasjon
- Driva nyskapande kunnskapsutvikling, og leggja til rette for andre si forsking
- Leggja til rette for eigenproduksjon av artiklar og ulike publikasjoner
- Delta i relevante forskings- og utviklingsprosjekt



Samandrag, strategisk plan 2025 – 2030

Kraftmuseet sine hovedtema: Historie knytt til elvar og vatn, vasskraftproduksjon, elektrisitet, kraftkrevjande industri og industristad. Mennesket i høve til heim, arbeidsplass, samfunn og natur.

Vasskraftproduksjon og kraftkrevjande industri sine verknader på samfunnet:

Teknisk, økonomisk, sosialt, politisk, kulturelt og miljømessig.

Vår visjon er: Lange linjer – stor spenning.

Dei fire kjerneverdiane våre er: Kvalitet, engasjement, nytenking og relevans.

Dei fem strategiane våre er:

1. Kraftmuseet skal ta ei tydeleg samfunnsrolle
2. Kraftmuseet skal utvikla gode publikumsarenaer
3. Kraftmuseet skal nå flest mogeleg med formidlinga
4. Kraftmuseet sine kulturminne skal ha profesjonell forvalting
5. Kraftmuseet skal driva kunnskapsutvikling på nasjonalt nivå.

Vårt hovedmål er:

Kraftmuseet skal vera eit sterkt museumsfagleg miljø som med engasjement og kvalitet forvaltar og formidlar kulturminne og historie. Museet skal vera relevant i samtida, og eit leiande museum nasjonalt innan våre hovedtema.

